

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad:	Haugeveien 28, Nordnes og videokonferanse
Dato:	27.03.2020
Tid:	09:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Marianne Sæhle	Nestleiar	Eigar (SV)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Trond Sanne Haga	Medlem	Arbeidsliv
Birgitte Svanevik	Medlem	Arbeidsliv
Anne Mette Koch	Medlem	Arbeidsliv
Trude Amundsen	Medlem	Tilsette
Sebastian Hennig	Medlem	Studentane

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Merknader

Styret har berre handsama tidskritiske saker i dette møtet grunna situasjonen med Koronaviruset. Kort oppsummering frå munnleg orientering om handtering av situasjonen frå rektor følger til slutt i møteprotokollen.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Styresekretær
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 4/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 5/20	Godkjenning av møteprotokoll frå 19.02.2020	2020/1479	
RS 6/20	Endringsforskrift og dispensasjonsregel	2020/1479	
	Vedtakssaker		
VS 6/20	Innføring av ny lærarevaluering	2020/1479	

GK 4/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 27.03.2020

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 5/20 Godkjenning av møteprotokoll frå 19.02.2020

Vedtak

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent.

Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 27.03.2020

RS 6/20 Endringsforskrift og dispensasjonsregel

Styret tok referatsak samrøystes til orientering.

Vedtak

Styret tok referatsak samrøystes til orientering.

Saker

VS 6/20 Innføring av ny lærarevaluering

Forslag til vedtak

1. Fagskolen i Hordaland skal ta i bruk ny lærarevaluering slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 27.03.2020

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskolen i Hordaland skal ta i bruk ny lærarevaluering slik det kjem fram av saka.

Munnleg orientering frå rektor om handtering av Korona-tiltaka

Fagskulen stengte ned skulebygga på det tidspunkt dette var bestemt for å hindre spreiring av Korona-viruset og all undervisning vert no gitt som nettundervisning. Lærarane og studentane har handtert omlegginga svært bra og skulen har gode løysingar for å drive nettundervisning.

Leiinga har etablert krisestab som har nettmøte kvar morgon, og studentrådsleiar deltek i starten av møtet. Rektor deltek også i daglege nettmøter med leiinga i fylkesadministrasjonen for å halde seg oppdatert, og for å kunne løfte problemstillingar og utveksle erfaringar med andre skuleleiarar i fylket.

Det har vore utfordringar med læringsplattforma itslearning fordi svært mange personar nyttar plattforma samtidig. Lærarane har fått melding om at det er mogleg å nytte andre plattformar i tillegg.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med korleis eksamen skal avviklast. Arbeidsgruppa er leia av ass.rektor som er eksamensansvarleg.

Det vert gjennomført info- og drøftingsmøter med tillitsvalde. I tillegg har det vore arrangert nettmøte for alle tilsette og det var over 80 deltakarar. Etter møtet med dei tilsette vart det arrangert møte med studentane som vart strømmast på fagskulen sin Youtube-kanal med moglegheit for å sende spørsmål via chat. Møtet ligg fortsatt på Youtube, og kan strømmast på nytt.

Nokre studentar med full jobb har vorte permittert og fagskulen har laga skriv som studentar kan sende til NAV for å få vurdert å kombinere dagpengar og studium. Fagskulen følgjer desse studentane tett. Fagskulen arbeidar også aktivt for å belyse problemstillinga med permittering som kan råke fagskulestudentane spesielt hardt.

Det kan verte krevjande for ein del studentar å gjennomføre emneprøvar no som dei skal haldast heime, og dette arbeider fagskulen med å finne tilpassingar for. Skuleeksamen skal også gjennomførast som heimeeksamen. Skulen vurderer å avlyse trekk-eksamen for alle klassetrinna, men dette er ikkje endeleg bestemt. Alle avgangsstudentar vil ha hatt minimum 3 eksamenar når dei har fullført, og nokon studentar har allereie hatt avsluttande eksamen. Dei fleste utdanningane har standpunkt-/ emnekarakter som vil kunne vere tilstrekkeleg for å vurdere studentane sitt læringsutbytte. For dei maritime faga må det haldast eksamen fordi eksamen utgjør 50 % av karakteren i det einskilde emne. Emnet Leiing, økonomi og marknadsføring (LØM) er sentralt gjeven og vert gjennomført som heimeeksamen. Dei modulbaserte tilboda på Stord må ha eksamen for at det skal vere eit vurderingsgrunnlag. Hovudprosjekta vert gjennomført som planlagt og det er ikkje eksamen før i juni. Dersom det ikkje kan vere fysiske møter i juni kan presentasjon av hovudprosjekt og munnleg eksamen gjennomførast på nett. Dersom studentane som arbeider med hovudprosjekta i verksemder som ikkje lengre kan legge til rette for oppgåver grunna Korona-situasjonen vil få rettledning til å gjere justeringar i gjennomføringa av prosjektet.

Representanten Koch stilte spørsmål til rektor om korleis skulen vil handtere forseinkingar for studentar ved helsefaga som må ta på seg andre oppgåver slik at dei ikkje kan følgje undervisninga no. Fagskulen har drøfta saka og avdelingsleiar meiner at dette er uproblematisk i høve til det tidsperspektivet ein har no. Dersom studentane må gå lenge i en spesiell beredskap vidare etter påske vil ein vurdere situasjonen på nytt, men skulen vil strekke seg langt for å imøtekome behova til helseføretaka.